



Stor innsats med måking av taket på Aktivitetshuset i ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Symjehallen på Hatlestrand har kollapsa og det har i dag utløyst måking av taket på Aktivitetshuset i Uskedalen.

- Her er det 60 centimeter tung snø og det er ikkje verd å ta nokre sjansar, sa Kjell Yri som gjorde ein stor måkeinnsats i ettermiddag - saman med Mikael Røssland. Det er best å vera føre..

.Så mykje snø har det ikkje vore på minst 20 år her i bygdene.

Kommunens ansvarlege er ikkje i tvil om at snøen har vore den utløysande årsaka på Hatlestrand, men det kan også vera bygningsmessige grunnar til at hallen ikkje tålte snømengdene. Dette skal no vurderast med tanke på andre bygningar.

Heile skulen på Hatlestrand har flatt tak og det ligg like mykje snø der som det låg på symjehallen

.Difor er skulen stengt frå måndag. Andre kommunale bygg med flatt tak blir no sjekka opp.

Av Ola Matti Mathisen.



Hatlestrand-taket som kollapsa. (Foto: Kvinnheringen)